

Hallo i nedslagsfeltet!

Sist helg deltok eg i nattcup på Stranda. Laget mitt heiter Podemos, som tyder noko liknandes «vi kan» på spansk. I fjor gjekk vi av med sigeren i denne turneringa, men stilte i år med ein litt svekka tropp, og hadde difor ikkje så altfor store forventningar om å gjenta bragda.



Sigersbilete 2012

Same dagen som turneringa starta fekk vi den keisame meldinga om at to lag i dameklassa hadde trekt laget sitt. Dette førte til at det berre var att fire lag. Laget mitt var også uheldige, sidan kampane mot dei fråverande laga hadde dei mest gunstige kamptidspunkta. Men slik vart det, og vi spelte fyrste kampen 00.44, deretter 04.28 og 08.12. Denne natta vart det om lag berre ein time søvn!

Fyrste kampen vann vi 2-0, men dei to neste kampane vart det knepne 1-0 tap. Trass dette hamna laget mitt på 2.plass i pulja og var klar til å møte sykkylvslaget Ompa Lompa, med blant anna Erika Weiberg-Aurdal, i semifinalen.



Semifinalen vann vi greitt 2-0 og eg scora også mitt einaste mål i turneringa i denne kampen. I finalen skulle vi møte Team Taskedyr, eit brattvågslag, som hadde gått ubesigra gjennom heile turneringa. I fjor slo vi dette laget 4-0 i semifinalen, så det var litt kjipt å tape finalen 2-

0. Finalen var kanskje den svakaste kampen til laget mitt under turneringa, og det verka som vi var prega av lite søvn.

Vi måtte dermed gi frå oss vandrepokalen som vi hadde eitt napp i, men fekk ein fin pokal for 2.plassen.

Elles så kom sykkylvslaget Melk på 3.plass i herreklassa. På det laget spelte Bengt Hole Alnes, som nyleg har meld overgang til Stranda for å prøve seg i 3.divisjon. Kjekt at også fleire vel å reise over fjellet for å utvikle seg vidare.

Medan eg har vore heime i Velledalen i om lag ein måned har eg vore med på innandørstreningar med Sunnylvn/Stranda, men har også fått litt anna trim. Storesystema mi er blitt heilt hekta på «gåing», då spesielt inn til sætreelva, og eg har difor blitt med ein del turar inn dit. Sjølv i pissregn, sterk vind og glattis på bakken så gjeng ho fleire turar for dag.





Min personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 6

Foto lagbilete: Atle Hole
Øvrige foto: Lillian Hole